

Årsmelding Seljord Turlag 2025

1. Innleiing

Seljord Turlag har i 2025 hatt eit aktivt og variert år, med fokus på lågterskel friluftsliv, samarbeid, dugnadsarbeid og vidare utvikling av tilbodet til barn, unge og vaksne i kommunen. Trass i varierende deltaking på einskilte arrangement, har laget opplevd god medlemsvekst og stort engasjement blant frivillige.

2. Organisering og styrearbeid

Styret har i 2025 hatt jamlege møte og arbeidd med både dagleg drift og langsiktig utvikling. Styret har vore sett saman av engasjerte frivillige som har bidrege innan turleiing, Barnas Turlag, dugnadsarbeid, skilting, utstyr og samarbeid med DNT Telemark og naboturlag.

Varamedlem vart vald inn i løpet av året, og det har vore noko utskifting grunna permisjonar. Jan Willem van Dokkum er vara for Kelly Westrik på vegne av Barnas Turlag. Rune Haugholmen blei med som uformelt styremedlem.

Styret har hatt særleg fokus på tryggleik, turleiaransvar og kompetansheving.

Styret:

Asbjørn Storrusten	Leiar, på val i 2026 (kvart år) Styremedlem, på val i 2026
Hans Inge Hagen	Nestleiar, turansvarleg, drift facebookside Seljord Turlag, dugnadskoordinator, på val i 2026
Trea Stoelwinder	Kasserar, på val i 2027
Mirjam Th. Schade	Referent, DNT Junior, på val i 2026
Kelly Westrik	Leiar Barnas Turlag, på val i 2027
Jette L. Bergfjord	Leiar DNT Junior, på val i 2026
Anthine Moen	Styremedlem/Barnas Turlag, på val i 2026
Torunn Räftevold Rue	1. vara, på val i 2027
Rune Hagen	2. vara, på val i 2026
Valkomité:	Hermund Kristiansen 915 91 953 khermund@hotmail.com Bjarne Geir Nenseter 959 21 670 bgnenseter@gmail.com

Møte:

- Årsmøte 10. februar
- 4 styremøte (13/1, 22/5, 4/9, 3/12)
- 1 medlemsmøte (9/11)


3. Medlemmer

Ved utgangen av året hadde Seljord Turlag om lag 128 medlemmer, ei klar auke samanlikna med tidlegare år. Det kom til rundt 37 nye medlemmer i løpet av året. Medlemsveksten er gledeleg, men har òg synleggjort behovet for fleire lågterskeltilbod og betre møteplassar for nye medlemer.

4. Aktivitetar og turar

I 2025 var det gjennomført fleire fellesturar og arrangement i turlaget, mellom anna:

- Båldag / «Heile Noreg bålar» 18. januar på Raukleiv, med breitt friluftsfokus og god synleggjering av DNT. Med bålpannekos, snørekøyring med hund, trugetur til Sandnut, satte opp gamle, samt natursti, fotokonkurranse med tema «Livet er best ute», ski og akebrett-aktivitetar. 30 deltakarar. Hans Inge, Rune, Mirjam og Trea var med som frivillige.
- Lifjelltur 6. september i samarbeid med naboturlag, 29 deltakarar. Turleiar var Rune, Trea og Mirjam var med.
- Lågterskeltur 15. oktober til dagsturhytta ved Øyan i Flatdal, 11 møtte. Rune og Trea var turleiarar.
- Medlemsmøte 9. november i form av tur til Raukleiv med fokus på friluftsliv; bålkos, grilling, kaffe og kake, tur til Sandnut, syning av oppgradering av den øvste gapahuken. Turleiar: Rune, Mirjam og Hans Inge med.
- Planlegging av vinter- og trugeturar, mellom anna mot Gøysen og Skorve.





- Turlaget har overtatt ansvaret for den øvste gapahuken på Raukleiv.

Det vart òg lagt vekt på samarbeid med Notodden og Bø turlag, samt vurdert felles turar på tvers av kommunar.

DNT Junior

DNT Junior vart i løpet av året sett på pause, grunna mangel på vaksne leiarar og utfordringar med rekruttering i aldersgruppa. Ungdom frå Seljord har likevel hatt høve til å delta på arrangement i regi av DNT Telemark og andre lokallag. Målet er å ta opp att Junior-tilbodet dersom nye frivillige melder seg. DNT junior Seljord vart skipa våren 2021 som ei gruppe under Seljord Turlag for ungdom mellom 12 og 16 år. Sidan 2021 har det vore samarbeid med Kviteseid kring aktivitetar.



Barnas Turlag

Barnas Turlag har vore eit svært viktig satsingsområde i 2025. Gjennom året vart det arrangert fleire aktivitetar. Det vart kjøpt inn turborefleksar og utstyr til bruk på barnestigar. Samstundes er det peikt på behovet for fleire frivillige for å sikre stabil drift framover. Turane har også i år blitt gjennomført i samarbeid med Barnas Turlag Kviteseid;



- 18. januar – Kom deg ut-dagen:
Den dagen gjekk turen til Morgedalstjønni. Me fekk hjelp av speidarane, og saman med ordføraren i Kviteseid fyrte dei opp dagens fyrste bål! Ca. 110 store og små kosa seg med bålkurs, ishockey, skeiser, ski, pølser og marshmallows.

- 2. mars – Bålkos på Raudkleiv. Omtrent 30 møtte, me kosa oss rundt bålet og grilla pølser. Turbo kom på besøk, til stor glede for både små og store. Nokon prøva seg på turstien med truger – ei morosam og spennande oppleving! Turbo var så imponert at barna fekk kvart sitt panneband til premie. Me var òg heldige med at Seljord Idrettslag hadde opna bakken den dagen, noko som ga mange moglegheiter for å ake eller stå på ski. Alt i alt ein fantastisk dag ute i naturen!





- 4. mai - Dugnadstur til Austgardsnuten i Vrådal. Tre frivillige deltok saman med Turbo. Alle var litt eldre enn dei vanlege medlemene i Barnas Turlag, men utstyrt med måling, sager, sakser og godt humør tok me til på turen. No er løypa merka opp att. Der det kan bli litt vått i løypa er det no lagt ut klopper, eller lagt ut store steinar som ein kan balansere på. Det er òg plass til å gå på utsida for dei som heller vil teste støvlane sine.

- 22. juni - Villblome-tur i

Svartdal med rundt 25 deltakrar i alle aldrar. Naturen synte seg frå si beste side – det var eit rikt mangfald av villblomar langs stigen, og mange kosa seg med å finne blomar til bingokortet. Alle klarte å fylle heile kortet og fekk ein liten premie for innsatsen. Heilt på toppen tok ein del av turgruppa ei pause ved inngongen til den gamle gullgruva. Det var flott å oppleve både natur og historie på nært hald. Mange blei fascinert av detaljane i landskapet – noko ein som regel berre går rett forbi.



- 19. oktober – Presttjøn Vrådal. Åtte personar var med på denne turen med Turbo. Barna som gjekk (for det meste sjølv) var veldig flinke, medan andre kosa seg i bæremeis eller bæresele. Det var nydeleg ver, og undervegs fann me nokre “Elsa-magiar” som var kjempespennande å sjå og kjenne på! Då me kom til Presttjøn, laga me bål, grilla pølser og steikte pinnebrød. Barna leika på ein stor stein som hadde blitt til ei sklie – moro kva ein kan finne på i naturen!



5. Dugnad, stigar og anlegg

Det har vore lagt ned eit monaleg dugnadsarbeid i 2025. Mellom tiltaka som er gjennomførte eller følgde opp:

- Rydding og vedlikehald av stigar, mellom anna Blåveisstigen
- Arbeid med skilting i Grunningsdalen, Slåka og andre område
- Oppfølging av dagsturhytta på Ballongfararsteinen
- Medverknad i prosjekt knytt til oppgradering og vedlikehald av gapahuk på Raukleiv, i samarbeid med kommunen og psykisk helse/rus
- Etablering og bruk av nytt utstyrlager ved Mjølkerampa

Det vart òg arbeidd med postkasser, stifadderordning og planlegging av nye prosjekt.

6. Utstyr og utlån

I løpet av året vart mykje friluftsutstyr overført til Bua, slik at utstyret i større grad kan kome i aktiv bruk. Samstundes har Seljord Turlag halde att noko utstyr til bruk for turleiarar og arrangement, mellom anna lavvoar, bålpanner og sikringsutstyr. Det vart også arbeidd med system for utlån, merking og lagring av utstyr. Me har fått nytt lager av friluftsutstyr i bygget til Mjølkerampa.



7. Kompetanse og kurs

Fleire frå styret og arbeidsgrupper har delteke på kurs i 2025, mellom anna:

- Turleiar- og sikringskurs, Rune har delteke på grunnleggjande turleiar kurs 1.-2. november i Grimstad, via Aust-Agder Turistforeining.
- Sikringskurs på Notodden 19/11 med fokus på handtering av skader på tur. Rune, Trea og Mirjam deltok.
- Webinar og opplæring i DNT sitt aktivitetssystem.

Dette er viktig for å sikre trygge og gode turar i tråd med DNT sine retningslinjer.

8. Økonomi

Økonomien i Seljord Turlag har vore stabil i 2025. Laget har hatt midlar både på driftskonto og prosjektkonto. Det er gjort investeringar i klede, utstyr og tilretteleggingstiltak, mellom anna:

- Innkjøp av truger
- Støtte til gapahuk-prosjekt
- Utstyr til aktivitetar og dugnad

Årsrekneskap og budsjett vert lagt fram som eigne saker på årsmøtet.

9. Samarbeid

Seljord Turlag har i 2025 hatt godt samarbeid med:

- DNT Telemark
- Naboturlag i Bø, Kviteseid, Notodden og Hjartdal
- Seljord kommune
- Idrettslaget og Frivilligsentralen
- Bua og andre lokale aktørar
- Tilsette og brukarar frå Psykisk Helse/Rus i kommunen

Samarbeid vert sett på som avgjerande for å lukkast med breitt friluftstilbod i kommunen.

10. Avslutning

Styret vil rette ein stor takk til alle frivillige, turleiarar og samarbeidspartnarar som har bidrege i 2025. Gjennom dugnadsinnsats, engasjement og fellesskap har Seljord Turlag halde fram med å skape gode naturopplevingar for store og små.

Me ser fram til eit nytt år med nye turar, fleire møteplassar ute – og endå fleire som finn gleda i friluftslivet.

På vegne av Seljord Turlag;

6/2-26 Mirjam Th. Schade, Hans Inge Hagen og Kelly Westrik

